

Dato	Elevkode	Kjønnet:	Det første språket du lærte:	
16.12.14	1614	jente ☒ gut ☐	norsk ☒ anna ☐	Å forestille seg Oppg. 4

Turen heim frå Afrika

Eg vakna, såg meg rundt. Det einaste eg såg var trær, steinar og kameraten min Fredrik. Han prøvde å lage eit bål fordi han var kald, men det klarte han ikkje. Når eg gjekk bort til han spurde eg: –Kvar er vi? : –Aner ikkje, husker du ingenting? Spurde han redd, og såg på meg. Hugser kva då? Eg vart redd eg og då han sa om det. Kva skal vi gjere no, tenkte eg for meg sjølv. Eg spurde han om kva som hadde skjedd. Da svarte han

:- Vi skulle ta flyet attende frå Sør-Afrika, men det hadde vorte ein feil, så det var fult i det store flyet som vi eigentleg skulle ta, så vi måtte ta eit lite privatfly. Vi hadde ein ung pilot, som lærte seg å fly for eit år sidan. Da vi satt i flyet ropte plutselig piloten :-HJELP!! Eine spaken sitter fast! Så vi løp fram til han, vi prøvde å dra i spaken så hardt at den knakk. Vi fekk panikk, bakken kom nærmare og nærmare. Speedometeret viste 600km. i timen. Vi visste at vi ikkje kunne stoppe dette flyet frå å krasje. Vi sette oss i kvart vårt sete å berre vante på å døy. :-Så husker eg ikkje meire, eg vakna for sirka 30 minuttar sidan trur eg.

Eg fekk sjokk og vart kjemperedd –Vi må kome oss ned frå dette fjellet! ropte eg. Eg begynte å gå med ein gong, men Fredrik hadde skada foten sin og mista mykje blod, så han klarte så vidt å reise seg opp. Eg gjekk medan Fredrik hadde eine handa over skuldera mi og halta med på den eine foten. Plutselig stoppa han og sa at han var så svolte, at han ikkje klarte å gå meire. Vi stoppa. Eg såg meg litt rundt, eg og var eigentleg veldig svolten. –Kanskje eg finn noko vi kan ete inne i skogen, sa eg til han. Så eg gjekk for å sjå. Når eg hadde leita etter noko å eta i ein time sirka, ga eg opp.

Da eg kom attende låg Fredrik på bakken, livlaus. Eg braut ut i tårer. Han var kald, så det var ikkje nokon vits å prøve å få han i live att. Fredrik og eg hadde kjent kvarandre sidan fyrste klasse, og vi har vore bestevenner sidan då. Tårene berre trilla nedover kinnet mitt. Eg satt der ved sida av han å gråt heilt til det vart mørkt. Det var så fristande å berre legge seg ned og sove, men eg måtte ha mat ellers svolta eg. Fredrik hadde på seg ein tjukk ullgenser på seg, så eg tok den av han og tok den på meg, fordi eg var så kald. Eg måtte prøve å gløyme Fredrik nå ellers så kom eg til å døy sjølv også. Eg sang for meg sjølv slik at eg skulle tenkje på noko anna. Eg skulle prøve å finne litt mat, men eg såg ingenting i mørket. Så eg skulle vente til morgenen for da er det lyst. Natta var lang og eg fekk faktisk sove ganske godt og mykje. Det var sikkert fordi eg var så sliten. Da eg vakna på morgenen neste dag såg eg på Fredrik, magen hans var revet opp, litt nedanfor satt det fuglar og et på kjøtt. Eg flaug bort til Fredrik. Magen min romla, eg var så svolten. Eg leita etter mat i to timer til det einaste eg fann var

gras og det fekk eg ikkje til å svelge så eg gjekk ut av skogen att tilbake til der Fredrik låg. Fuglane hadde ete meir av Fredrik så eg flaug bort til han å la over eine genseren min. For ein stund sidan las eg ein sann historie om ein fyr som hadde overlevd av å ete sin eigen døde bror. Da skjønte eg at den einaste måten eg kunne overleve på nå var å ete noko av Fredrik, tanken baud meg imot, men det var den einaste muligheita eg hadde. Eg fant ein stein å skar opp låret hans. Om det var farlig å ete det, viste eg ikkje, men vis eg ikkje åt det hadde eg svålta. Så eg lagde eit bål å stekte kjøttet, eg kunne ikkje tenkje, berre ete, ellers hadde eg ikkje fått det i meg. Det var så godt med mat at eg berre åt, det var eigentleg kjempegodt, men eg blei kvalm av å tenke på at eg faktisk hadde ete ein del av Fredrik. Eg gråt imens eg gjekk vidare. Det var vanskeleg å gå i frå Fredrik der han låg, men han var død og verken han eller eg kunne gjere noko med det, så eg gjekk. Det vart mørkt. Eg satt meg ned etter ein lang gå dag. Eg såg rundt meg etter ein plass å sove.

Kva var det?—Eit ljøs! Ropte eg ut glad. Eg sprang så fort eg kunne mot ljøset. Det var folk inne i huset. Da eg fann døra, banka eg hardt to gonger. Det kom ei eldre dame med stutt kort hår å morgenkåpe ut. Eg vart så glad at eg automatisk klemte ho :—Kan eg kome inn? Spurde eg, men dama skjønte ingenting av kva eg sa, ho svarte meg på engelsk :—Eg skjønner ikkje kva du seier, for eg pratar berre engelsk. Så eg måtte svare ho på engelsk også :—Ok, unnskyld. Kan eg versåsnull å få komme inn å varme meg litt, så kan eg forklare dykk kvifor og korleis eg kom meg opp på fjellet? :— sjølv sagt, svarer ho høffølge. Så eg gjorde det. Dei ringte til politiet å sa i frå med ein gong slik, at eg kunne få kome meg heim att. Det var eg veldig glad for. Politifolket kom med ein gong og henta meg, og eg fortalte dei kva som hadde hendt. Dei henta det som var att av Fredrik, og dei begynte etterforskinga på piloten med ein gong. Eg kom meg trygt og godt heim att til Noreg.

Ting vart anderledes nå, Fredrik var ikkje der og alle viste kven eg var, og kva som hadde skjedd. Alle såg på meg å pekte. Eg såg meg sjølv på forsida av avisane i butikken. I avisa sto det at piloten hadde landa på ein stor stein og døyd.

Da det hadde gått sirka eit kvart år, begynte eg på skulen att. Alt var som vaneleg, bortsett frå ein ting, Fredrik. Eg satt ved siden av han i klasserommet, i kantina, vi gjekk saman heimat frå skulen. Vi gjorde alt saman, men nå var han ikkje her. Men nå som eg hadde klart å overleve ein slik tur, ville alle sitte med meg, gå heimat frå skulen med meg. Dei gjorde alt for meg. Eg håper nesten at det slutter å vere slik, for det var nesten plagsomt å ha så mange folk rundt seg heile tida. Men korleis det blir framover, veit eg ikkje. Eg får berre vente å sjå.